



Arkivsak

24/23071-19

Sakshandsamar

Marita Bruun

Saksgang

Yrkesopplæringsnemnda

Hovedutvalg for næring, industri og
klima

Hovedutvalg for utdanning, folkehelse
og tannhelse

Fylkesutvalg

Fylkestinget

Møtedato

15.04.2026

22.04.2026

22.04.2026

29.04.2026

06.05.2026

Avtalar som gjeld eigarskap og samarbeid om fagskulen Vestfold og Telemark

Innstilling frå fylkesdirektøren

1. Tenesteytingsavtala blir teke til orientering.
2. Samarbeidsavtale og vedtekter blir godkjent og vedteke.

Bakgrunn og saksgang

Saka om vidare samarbeid og eigarskap for fagskulen Vestfold og Telemark, vart lagt fram for politisk behandling både i Vestfold og Telemark før sumaren 2025. Det vart vedteke å vidareføre samarbeidet utan tidsavgrensing. Administrasjonen ble bede om å utarbeida ny samarbeidsavtale med eit punkt om oppseiing av avtala, saman med ei tenesteytingsavtale mellom fagskulen og kontorfylkeskommunen med fordeling av administrative kostnader mellom eigarfylkene. Denne saka følgjer dermed opp vedtaket i sak 64/25 i fylkestinget i Telemark.

Saka blir send Yrkesopplæringsnemnda, Hovudutval for Næring, industri og klima og Hovudutval for utdanning, folkehelse og tannhelse til uttale. Fylkesutvalet innstiller til fylkestinget som gjer endeleg vedtak i saka.

Saksopplysningar

Då Vestfold og Telemark vart splitta som fylke i 2024, vart det semje om å føra vidare felles eigarskap for fagskulen Vestfold og Telemark med ei tidsramme på 2 år før endeleg vurdering av eit eventuelt vidare samarbeid. I samband med dette vart det utarbeidd både samarbeidsavtale og vedtekter for fagskulen Vestfold og Telemark. Sidan samarbeidsperioden var avgrensa til 2 år, var det ikkje lagt inn eige punkt om oppseiing av avtalen. Erfaringar med samarbeidsavtalen og vedtektene i perioden etter fylkessplitting, har også vist at det er behov for ein tydelegare struktur og rollefordeling mellom styret til fagskulen og oppgåvefellesskapet i

avtaledokumenta. Desse forholda er strukturerte i vedlagde, reviderte samarbeidsavtale og vedtekter og eit punkt om oppseiing av avtale er skrive inn i samarbeidsavtalen.

Vedtektene opnar no for at Fagskolen Vestfold og Telemark kan ta eigenbetaling av studentane, jf. punkt 4 i vedtektene. Her står det no «*Fagskolen Vestfold og Telemark skal tilby akkreditert fagskuleutdanning og kan krevja eigenbetaling frå studentane, føresett at dette er på eit rimeleg nivå som ikkje undergrev attraktiviteten til skulen for studentar.*» Dette inneber ei endring frå dagens vedtekter som ikkje opnar for eigenbetaling frå studentane.

Det er også avklart at det er Telemark fylkeskommune i rolla som kontorfylkeskommune, som skal utføra alle tenestene innan økonomi, HR og IT som fagskulen har behov for og etterspør. Dette fordi fagskulen inngår som ei underenining av Telemark fylkeskommune og derfor er underlagd Telemark fylkeskommune sine system og rutinar for oppgåveløysing og kvalitetstryggleik. Dette inneber at det no er utarbeidd ein tenesteytingsavtale som regulerer kva tenester som Telemark fylkeskommune som kontorfylkeskommune skal yta til fagskulen vederlagsfritt, og kva tenester som fagskulen kan bestilla som fakturerbare tenester. Denne tenesteytingsavtalen blir også lagd til grunn for deling av kostnader mellom Telemark fylkeskommune og Vestfold fylkeskommune som gjeld dei vederlagsfrie tenestene. Tenesteytingsavtalen er utarbeidd i eit samarbeid mellom Telemark fylkeskommune og fagskulen Vestfold og Telemark, med dialog undervegs med Vestfold fylkeskommune. Tenesteytingsavtalen ligg vedlagt denne saka som eit grunnlagsdokument for samarbeidsavtalen.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Denne saka har direkte økonomiske og administrative konsekvensar ved at tenesteytingsavtalen gir ein oversikt over kva for tenester som Telemark fylkeskommune skal yta vederlagsfritt til fagskulen Vestfold og Telemark. Desse tenestene er spesifikt verdsette i avtalen, og oppsettet fungerer som eit budsjett for deling av utgifter mellom Telemark fylkeskommune og Vestfold fylkeskommune, omtalt i samarbeidsavtalen. Tenestene er verdsette til kr 978 000 i 2026 og skal prisregulerast med deflator kvart år. I tråd med samarbeidsavtalen skal Vestfold fylkeskommune kompensera Telemark fylkeskommune årleg med 50% av kostnaden.

Ut over desse tenestene, bidreg Telemark fylkeskommune med kompensasjon for husleige for lokala til fagskulen i Porsgrunn på 1,77 mill. kr/år. Vestfold fylkeskommune bidreg tilsvarande med kompensasjon for husleige i Horten på 2 mill. kr/år. Telemark fylkeskommune stiller også med ressurs som sekretær for representantskapet i den fylkeskommunale oppgåvefellesskapen, og begge fylkeskommunane er observatørar i styret til fagskulen.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs bærekraftsmål

Gode avtalar ligg til grunn velfungerande drift og utvikling i fagskulen. Ein godt utbygd fagskule vil ha lite å seie for fylkets klimamål, men vil ha noko å seia for mange av FNs bærekraftsmål. Dette vil i særleg grad gjelda måla:

- 4) God utdanning
- 8) Anstendig arbeid og økonomisk vekst
- 9) industri, innovasjon og infrastruktur
- 10) Mindre ulikskap
- 17) Samarbeid for å nå måla

Fylkesdirektørens vurdering

Det er gjennomført ein god prosess mellom dei to fylkeskommunane og fagskulen Vestfold og Telemark for å utarbeida samlande avtalar og vedtekter om felles drift av fagskulen Vestfold og Telemark. Arbeidet har teke noko meir tid enn tidsramma som det politiske vedtaket i juni 2025 la opp til. Det har likevel vore viktig å bruka tilstrekkeleg med tid slik at det kan leggjast fram avtalar og vedtekter som er gjennomarbeidde, tydelege og samlande. Fagskulesektoren er i vekst, og frå nasjonalt hald blir det satsa stort på vidare utvikling av denne utdanningssektoren, m.a. gjennom ny stortingsmelding i 2025 og nye retningslinjer for tildeling av driftstilskot som gir fagskulane større handlingsrom. Fagskulane er viktige utdanningsaktørar som raskt snur seg rundt og kan tilby kompetanse som arbeidslivet etterspør. God styring og forvaltning rundt eigen fagskule gjennom tydelege avtalar og vedtekter, er eit viktig verktøy for vekst og utvikling.

Det er i tråd med oppdraget innarbeidd eit punkt om oppseiing av samarbeidet i samarbeidsavtalen, punkt 14. Fylkesdirektørane vil påpeika at sjølv om det no er på plass ein tydeleg prosedyre for utgang og oppseiing av samarbeidet, er det viktig å merkja seg at ei oppløysing av samarbeidet kan få store konsekvensar for fagskulen ved at akkrediteringane til skulen då må vurderast på nytt.

Fylkesdirektøren gjer vidare merksam på at samarbeidsavtalen presiserer at utgifter til leie av lokale, parkering og andre fylkesspesifikke utgifter blir haldne utanfor dei utgiftene som skal fordelast. Det er opp til kvar enkelt fylkeskommune der lokalet geografisk ligg, å leggja til rette for dette og dekkja tilhøyrande utgifter. Med tanke på lokala til fagskulen i Porsgrunn og dagens kompensasjon for husleige, kan det derfor bli endringar. Det blir greidd ut ei sak om mogleg framtidig bruk av Porsgrunn Nord til fagskulen. Dette kan innebera behov for investeringar i bygget, men også redusert husleige og dermed redusert eller bortfall av kompensasjon for husleige. Dette vil fylkesdirektøren komma tilbake til.

Fylkesdirektøren tilrår at vedlagde tenesteytingsavtale blir teken til orientering, medan samarbeidsavtale og vedtekter blir godkjende og vedtekne.

Vedlegg:

Tjenesteytingsavtale - avtale om levering av administrative støttetjenester

Vedtekter

Samarbeidsavtale